

# Hareid Rotary Klubb

Bankkonto: 4093.30.44914

Møtedag: Mandag kl 18.00-19.00

Klubbhuset til Hareid Idrettslag

Webseite: <http://www.rotary.no/hareid>



## Radio-overføring frå kyrkja til Hadartun

Marie Engen har arbeidd med å få til radio-overføring frå kyrkja til Hadartun i fleire år utan å få pengestønad eller anna støtte til dette.

Hareid Rotery held på med eit stort prosjekt som vi kallar ”Rotarystien”. Det er ein gangsti ved hareidsvassdraget som vil bli arbeidskrevjande og dyrt. (dugnadsarbeid). I sommar blei vi ferdige med eit prosjekt ved Holesanden. Det var ein ”badebrygge” som blei oppankra ved badestranda, Her blei det opprydding av rusk og rask samt tilført ny sand.

Etter førespurnad frå Marie Engen om hjelp til radiooverføring frå kyrkja til Hadartun, tok styret i Hareid Rotary initiativet til å prøve å få utført dette prosjektet.

Vi sende 17 stk. ”Tiggarbrev” til lag – foreiningar og bedrifter i juli mnd.

Vi har pr. i dag fått 5 stk. positive brev med pengegâver.

Mottatt stønader:	1. Fransefoss.....	Kr.	1.000,-
	2. Hareid Sanitet ( Brandal/Hjørungavåg/Bigset).....	”	7.500,-
	3. Sparebanken Møre (Hareid).....	”	20.000,-
	4. Hareid Sokneråd. (til drift av anlegget).....	”	2.400,-
	5. Rotary Foundation (R.F.).....	”	20.000,-

Til sammen.....Kr. 50.900,-

## VI VIL MED DETTE TAKKE ALLE SOM HAR GITT TIL DETTE PROSJEKTET.

Arbeid som er utført av Hareid Rotary med kabelstrekking etc. er ca. 65 timar. Vidare er det utført ein del planlegging med telefon, brevskrivning, kontroller etc. etc.

Først var det planlagt til berre å bli overføring til Vinterhagen (Glasshuset) til kr. 24500,- Etter at vi fikk så store pengegâver blei det bestemt å utvide anlegget.

I ”Glasshuset” er der montert 1 forsterkar til heile anlegget samt 2 høgtalarar.

I Buavdelinga er der montert høgtalarar i begge stovene.

I ”Skjerma avdeling” er der montert høgtalarar i begge stovene.

I Kapellet er der montert 1 forsterkar og 2 høgtalarar samt ny mikrofon med lang leidning.

Vi har og montert nye doble elektriske kontaktar 220V.

Ein frå Hareid Elektriske var med på monteringa samt ein del arbeid i kyrkja.

Hareid Rotary 10 oktober 2005

## Presidenten

President 2005 - 2006: Arve Røyset  
6062 Brandal  
Tlf.: 70 09 30 88  
Mob.:  
Mail: [arv-roey@frisurf.no](mailto:arv-roey@frisurf.no)



Sekretær: Trygve Riise  
6060 Hareid  
Tlf.: 70 09 29 70  
Mail: [trygve.riise@c2i.net](mailto:trygve.riise@c2i.net)